

Saksnr: 2019/84-1  
Saksbehandlar: Arnt Ola Fidjestøl

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvall	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

**Vestland fylkeskommune og tilhøvet til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap**

**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap frå og med 1.1.2020. Tenestene skal sikra at arkiva til Vestland fylkeskommune vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.
2. Fylkestinget ber prosjektleiar gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap om Vestland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021 og økonomiplan.
3. Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke til junitinget 2020.

**Samandrag**

Saka gjeld organisering av arkivansvaret i Vestland fylkeskommune og tilhøvet til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (Kommunearkivordninga) frå og med 1.1.2020.

Ein føresetnad for eit demokratisk samfunn er ei open offentleg forvaltning som kan dokumentere oppgåvene sine uavhengig av når dei er blitt utførte. I samsvar med dette skal Vestland fylkeskommune ivareta både samfunnsdokumentasjonen og innbyggjarane sine rettar.

Vestland fylkeskommune har utfordringar i høve dei lovheimla krava til bevaring og tilgang til eldre arkiv. I andre fylkeskommunar vert dette løyst i samarbeid med kommunane. Pr 2019 er 16 av 18 fylkeskommunar medlem av slike arkivsamarbeid. Sogn og Fjordane fylkeskommune har samarbeidd med kommunane om å løyse lovpålalte arkivoppgåver i Kommunearkivordninga. Prosjektlearen rår til at Vestland fylkeskommune vert medlem i ordninga. Vidare prosess som gjeld tilhøvet til kommunane i Hordaland og Interkommunalt arkiv Hordaland IKS vert å komme attende til.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd  
påtroppande fylkesdirektør for  
kultur, idrett og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

Vedlegg  
1 Vedteker 2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner, skal Vestland fylkeskommune handtere, ta vare på og formidla arkiva sine. Saksframlegget gjer greie for korleis dette kan løysast, og drøftar medlemskap i Kommunearkivordninga og konsekvensane for Vestland fylkeskommune sin tenesteproduksjon og økonomi.

I løpet av hausten 2019 vil deltakarane gjere vedtak om å halde fram i dette samarbeidet med ei endra deltakarsamansetjing, pga. kommune- og regionreforma. Det inneber at vedtekten må tilpassast. Jf § 14 Endring av vedtekten:

*Endring av vedtekten krev tilslutning frå kommestyret/fylkestinget hjå alle deltakarane». Dermed må både fylkeskommune og kommunar ta stilling til deltakarsamansetjinga. Dersom denne endrar seg etter at det er gjort slike vedtak, må dei attverande deltakarane gjere nye vedtak.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyst deler av arkivpliktene ved å ta del i Kommunearkivordninga. Prosjektleieren legg til grunn at det er viktig å ta stilling til om Vestland fylkeskommune skal vere medlem.

### Arkivansvaret i offentleg forvalting

Offentleg forvaltning skal dokumentere oppgåvene sine. Dette er grunnleggande for ei open forvaltning og førsetnaden for eit demokratisk samfunn. Prinsippet er forankra i Grunnlova, forvaltningslova, offentleglova og arkivlova.

Offentlege arkiv har tre grunnleggande funksjonar: a) Administrativ ressurs (førsetnaden for lovleg og effektiv forvaltning), b) Demokratisk ressurs, (openheit, tillit og etterprøvbarheit), og c) Kulturell og forskingsmessig ressurs (samfunnsdokumentasjon og kulturvern).

### Daglegarkivet

Daglegarkivet skal sikre og følgje opp arkivdanninga i fylkeskommunen, slik at ein kan løyse fylkeskommunen sine lovpålalte oppgåver, sikre forsvarleg handsaming av digital informasjon og effektive arbeidsprosessar. Daglegarkivet har ansvar for at arkivarbeidet og dokumenthandsaminga er ajour med den teknologiske utviklinga og å følgje opp endringar i lover og oppgåver på alle tenesteområde og funksjonar.

Dei fleste ansvarsområda i fylkeskommunen er underlagte dokumentasjonskrav og skapar dokument som er journalpliktige eller som skal arkiverast. Her skjer ei omfattande arkivdanning. Fylkeskommunen har eitt hovud sak-/arkivsystem som handterer stordelen av den administrative sakshandsaminga og arbeidet i politiske organ. Arkivdanninga skjer også i ulike fagsystem som tenester/avdelingar nyttar i si sakshandsaming. Ei viktig oppgåve for Daglegarkivet er utarbeiding, oppfølging, opplæring og informasjon til dei tilsette om rutinar og retningslinjer for slik arkivdanning.

### Depot

Arkiv som går ut av aktiv bruk skal leverast til eit arkivdepot etter gjeldande lover og forskrifter. Dette gjeld alle typar arkiv (både elektronisk skapte og papir). Depotet løyser lovpålagede arkivoppgåver i høve sikring og tilgang til avslutta arkiv i fylkeskommunen.

Depotet forvaltar lokale som er godkjende til oppbevaring av deponerte arkiv, jf. arkivlova og riksarkivarens forskrift. Føremålet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. I depotet skal det først tilsyn med arkiva, og dei skal haldast ved like (gjeld særskilt arkiv på digitale informasjonsberarar). Depotet skal syte for at katalogar over materialet er tilgjengelege, og sikre at arkivet vert gjorde tilgjengelege og kan brukast av arkivskapar, for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.

### *Organisering av arkivoppgåvene i dei to fylkeskommunane*

I Hordaland fylkeskommune er ansvaret for både daglegarkiv og depot samla og lagt til fylkesarkivet i Kultur- og idrettsavdelinga. Fylkeskommunen har nytta eigne eller leigde lokale til magasin for arkivmateriale.

Til depotoppgåvene vert det brukt 3,6 faste årsverk på tenestestaden i Bergen.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein skilt daglegarkiv og depot. Daglegarkivet er del av fylkesrådmannen sin stab i sentraladministrasjonen. Depotoppgåvene har vore handterte av fylkesarkivet gjennom medlemskapet i Kommunearkivordninga. Fylkesarkivet er organisert som ei eining i Avdeling for Næring og kultur og har løyst ei rekke av dei lovheimla arkivoppgåvene i Kommunearkivordninga.

I Fylkesarkivet er 6,5 årsverk lokalisert i Leikanger: fylkesarkivar (100%), fotoarkivar/fagkoordinator (100%), privatarkivar (100%), arkivar for stadnamn og boksamling (100%), ansvarleg – digital kulturformidling (100%), musikkarkivar (50%), IKT-koordinator (100%).

### **Om Kommunearkivordninga**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane har sidan 1987 samarbeidd om å løyse felles arkivoppgåver gjennom Kommunearkivordninga. Fylkeskommunen har vore deltar og vert for samarbeidet. Føremålet er å legge tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane (både daglegarkiv og depot) vert handterte, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.

Kommunearkivordninga er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 og eit sjølvstendig rettssubjekt med eige styre. Sogn og Fjordane fylkeskommune held personale og kontor, som del av bidraget til samarbeidet. Tenesta er lokalisiert på Leikanger hjå Fylkesarkivet og leia av fylkesarkivaren. Frå og med 01.01.2020 vert namnet endra til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap

*kml § 27. Interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid.*

*1. To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffen avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.*

### **To hovudoppgåver**

Kommunearkivordninga har to hovudoppgåver: a) fagleg rådgiving og kompetanseutvikling innan moderne arkivdanning og arkiv generelt, og b) depotoppgåver.

Rådgivingstenesta, a), dekkar dei fleste oppgåvene som eit kommunalt organ må utføre for å forvalte arkiva sine, t.d. arkivplanlegging, utarbeiding av rutinar og retningslinjer, innkjøp og konfigurering av system og utfordringar knytte til både papirarkiv og fullelektroniske arkiv.

Depotoppgåvene, b), inneber mellom anna mottak, kontroll, tilgjengeleggjering og oppbevaring av både papirarkiv og elektroniske arkiv som er avslutta.

### **Bemanning:**

I Kommunearkivordninga er det pt 5,5 faste årsverk lokalisert i Leikanger. I tillegg er 5,3 stillingar finansiert gjennom prosjektavtalar inngått med enkeltmedlemmer i høve ordnings- og digitaliseringsoppgåver.

### **Erfaringar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Medlemskapet gjev tilgang til basistenester (vedtekten § 12 a-f), papirdepot og elektronisk depot og femner om tenester knytt til alt frå kompetansebehov i høve dagleg dokumenthandtering og digitalt skapt dokumentasjon til handtering av eldre og avslutta arkiv.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune har Kommunearkivordninga vore tenleg for effektiv løysing av dei lovheimla arkivoppgåvene. Ordninga har også ført til at dei offentlege arkiva frå kommunane og fylkeskommunen står fram som ein samla samfunnsdokumentasjon frå heile fylket.

Heilskapen av Kommunearkivordninga og Fylkesarkivet utgjer eit kompetent og breitt fagmiljø med tenlege lokale og teknisk infrastruktur, og der det er utvikla ulike samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og andre arkivinstitusjonar. Organisering av tenesta og formidlinga av arkiva har gjort at Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore peikt på som eit nasjonalt føredøme av Riksarkivet.

#### ***Samarbeid i andre fylke***

16 av dagens 18 fylkeskommunar er knytte til kommunale arkivinstitusjonar. 13 av desse har eit formalisert samarbeid med kommunar i eigen region. Hordaland og Akershus er dei einaste fylkeskommunane i landet som ikkje tek del i ein kommunal arkivinstitusjon. I Hordaland er den interkommunale arkivinstitusjonen IKA Hordaland IKS eit samarbeid mellom ei rekke av primærkommunane, men utan at fylkeskommunen er med.

Prosjektleiaren har per dags dato ikkje oversyn over organiseringa i dei nye fylkeskommunane frå 01.01.2020.

#### ***Vestland fylkeskommune. Oppgåveløysing og organisering***

I prosjektleiaren sitt arbeid med administrativ organisering av Vestland fylkeskommune er lagt til grunn tilrådingane i rapporten frå DPO 10 Arkiv, jf pkt 3.3:

*«... forslag til ny organisering, med daglegarkiv og arkivdanning for seg, under ei leiing, og fylkesarkivet for seg med ei leiing. Depot vil då inngå i fylkesarkivet. Vestland fylkeskommune si tilknyting til Kommunearkivordninga vert avklara i 2019.»*

I samsvar med tilrådinga har Vestland fylkeskommune ei organisering der ein skil ansvaret for daglegarkiv og ansvaret for depot. Ansvaret for depot er lagt til Avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon Arkiv. Ansvaret for daglegarkiv er lagt til Avdeling for Organisasjon og Økonomi, Politisk sekretariat.

Daglegarkivet skal ta ansvar for arkivdanning og dagleg dokumenthandtering og ha fagansvar for elektroniske sak-arkiv system. Samarbeidet med IKT-drift ved vert difor sentral, i tillegg til samarbeid med systemeigarar av elektroniske fagsystem og Depot ved deponering av arkiv.

Slik prosjektleiaren vurderer det, vil den administrative organiseringa sikre kapasitet og kompetanse, leggje til rette for effektiv drift og kunne handtere daglegarkiva. Prosjektleiaren gjer likevel merksam på at Vestland fylkeskommune i framtida vil stå framfor utfordringar med å løyse alle dei lovheimla arkivoppgåvene. Særleg gjeld dette kapasitet til å ta hand om eldre og avslutta arkiv, dvs depotoppgåvene.

#### ***Framtidige utfordringar***

To forvaltningsrevisjonar i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar og tilsyn frå Arkivverket i Hordaland fylkeskommune har kartlagt vesentlege utfordringar knytta til handteringen av den lovpålagte dokumentasjonen som er gått ut av dagleg bruk. Dette gjeld både elektronisk skapt og papirbasert dokumentasjon. Ein erfarer at behovet for depot vert stadig større, i takt med at både fylkeskommunar og kommunar fasar ut papirarkiva til fordel for elektroniske arkiv. Dermed er behovet for ordning og digital tilrettelegging av papirarkiva auka tilsvarende. Dette har konsekvensar for drifta (fagleg kapasitet/tilsette) og framtidige investeringar (framtidige magasin mv).

Dette har ein til felles med andre kommunar og fylkeskommunar i landet. Likevel peiker både forvaltningsrevisjonane og tilsyna på ei prekær utfordring for Vestland i høve avlevering, oppbevaring og ekspedering av gamle arkiv – altså depotfunksjonen.

Per dags dato har Sogn og Fjordane fylkeskommune stillingsressursar og magasinkapasitet til å handtere dette gjennom medlemskapet i Kommunearkivordninga, men ordninga gjeld ikkje arkiva frå Hordaland fylkeskommune. Arkivverket sitt tilsyn i juni 2018 viste at Hordaland fylkeskommune har vesentlege etterslep i ordninga av papirarkiva. Dette er eit område som Arkivverket vil følgje med på. I tilsynet fekk fylkeskommunen samtidig krav om endring i rutinane for deponering av elektronisk skapt materiale. Som ein konsekvens søkte ein og vart medlem i KDRS – kommunenes digitale ressurscenter (eit medlemskap med ein årleg kostnad på om lag 320 000 kroner).

Sjølv om depot i begge fylkeskommunar vert del av den nye arkiveininga, vil kapasiteten likevel ikkje vere tilstrekkeleg til å dekke Vestland fylkeskommune sitt framtidige behov. Ein bør difor ta sikte på å styrke den arkivfaglege kapasiteten over noko tid. Prosjektleieren har ikkje vurdert omfanget i detalj, men legg til grunn at kostnadene for investeringar og drift vil vere monalege dersom fylkeskommunen skal ta fullt ansvar for dette innanfor eigen organisasjon.

Alternativet er å løyse dette i samarbeid med andre, slik som det har vore gjort i Sogn og Fjordane, og at Vestland fylkeskommune gjer dette gjennom medlemskap i Kommunearkivordninga. På lengre sikt vil dette kunne peike mot ei større endring i organiseringa, jf siste kapittel i saksframlegget.

### **Medlemskap i Kommunearkivordninga**

Prosjektleieren vurderer at medlemskap kan ha vesentlege føremoner. Arkiv er eit fagområde der det er svært kostnadseffektivt å samarbeide, og Kommunearkivordninga er eit kompetansesamarbeid som set fylkeskommunen og kommunane betre i stand til å handtere dei lovheimla pliktene og forvalte den samla samfunnsdokumentasjonen til Vestland.

Ordninga gjer medlemane meir fleksible med tanke på teknologiendringar som påverkar måten ein handterer dokumentasjonen på, og gjer det lettare å ivareta strengare krav i personvernregelverket. Ordninga gir vidare tilgang til eit større kompetansenettverk ettersom det finst liknande organisering over heile landet.

Ordninga gir enkel tilgang til ressursar som er viktige i bevaringssamanheng og som fagmiljøet har etablert i fellesskap som td. Arkivplan.no og KDRS (Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter). Kostnadene for slik deltaking vert delte på medlemane i eit arkivsamarbeid i staden for at fylkeskommunen ber kostnaden åleine.

I høve drift og investeringar er ordninga kostnadssvarande. Medlemane deler på kostnadene knytta til bygg, mottak og ekspedering, og løyser oppgåvene gjennom ei non-profitordning. Vedtekten tek høgde for at denne type oppgåver kan løysast innanfor ordninga utan at ein treng gå via omfattande anbodsprosessar. Dersom ein legg til grunn at Vestland fylkeskommune er vertskap og byggherre vil td leigeinntekter frå dei eksterne leigetakarane (kommunane) redusert bygge- og driftskostnadene i høve framtidige magasin.

Vestland fylkeskommune vil også ha høve til å kjøpe tilleggstenester innanfor ordninga for å dekke ekstraordinære behov, td knytta til magasin, ordning og digitalisering. Dette er prosjekt som det må teiknast særskilde avtalar om. Følgjande kan vere aktuelt:

#### *1. Depotleige.*

Bygging av magasin skal utredast iflg investeringsbudsjettet i Vestland fylkeskommune. Samarbeid der kommunane og eventuelle andre leigetakarar betaler hylrometerpris for å leigepllass, vil gjere økonomien gunstigare.

#### *2. Digitaliseringsoppdrag*

Dette vert betalt med hylrometerpris basert på kva slags arkiv det er snakk om.

#### *3. Ekstrainnsats på ordning.*

T.d betaler kommunane for å ordne forholdsvis nye saksarkiv. Dette er som regel så omfattande at det ikkje kan gjerast innanfor ein medlemsskapskontingent. Her vert det betalt hylrometerpris ift. standen på arkivet.

Samanslåingsprosessen har gjeve erfaring med å nytte kompetansen i Kommunearkivordninga. Ordninga har samarbeidd med Sogn og Fjordane og Hordaland i 2018 og 2019, vore involvert i prosjektarbeidet i DPO 10 og gitt hjelp til oppgåver som høyrer til dette området, mellom anna:

a) rådgivar for prosjektansvarleg for deponering av sak-/arkiv for HFK og fagleg støtte i dette arbeidet, mellom anna med å bidra med verktøy og metodikk, b) produsent av metodikk og verktøy for kartlegging av arkivbestand og opplæring i dette arbeidet, c) rådgjevar for arbeidet med arkivplan for den nye fylkeskommunen.

## **Medlemskap i Kommunearkivordninga. Kostnader 2020**

Jf framlegg til vedtekter § 12:

*Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistene, papirdepot og elektronisk depot består av eit fast årleg tilskot.*

Ordningsa skal bistå Vestland fylkeskommune innanfor det som er nedfelt i vedtekten. Deltakarane si tilskotsplikt og kva desse tenestene skal dekke står nedfelt i vedtekten § 12. Her står også nedfelt kva oppgåver deltakarane må inngå særskilde avtalar om.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg både økonomisk og praktisk til samarbeidet. Pr 2019 er det årlege økonomiske bidraget (tilskot) på kr. 590.000,- Dei praktiske bidraga, m.a. verdien av kontorlokale, stabs- og støttefunksjon, og halve kostnaden med fylkesarkivarstillinga er estimert til om lag kr 2.300.000,- For utlån av tilsette, får fylkeskommunen full kompensasjon frå Kommunearkivordninga.

Jf dei tala som ligg føre for 2020 er samla kontingen for medlemskommunane i Sogn og Fjordane 4.352.179,- (ca halvparten av dette er for depot for eldre arkiv - betjening inkludert). Sogn og Fjordane fylkeskommune betaler 631.800,- (1 års oppseilingstid) Då er ekstra kostnad for depot for digitalt skapt arkiv teke med. Her er inkludert 313.000 i kontingen til KDRS (Kommunearkivordningene sitt digitale ressurscenter).

Jf framlegg til vedtekter § 12

*Deltakarane betalar eit årleg økonomisk tilskot til drifta av samarbeidet i samsvar med vedteke budsjett. For deltagarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnsum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketallet til deltagarkommunane pr. 1. juli året før budsjettåret*

Prosjektleiaren kan ikkje sjå at samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane i seg sjølv utløyser behov for å løyse fleire oppgåver i Kommunearkivordninga enn det som har vore teke hand om på veger av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Men, nye oppgåver i Vestland fylkeskommune som er tenlege å løyse innanfor ordninga vil kome til på sikt, slik som skildra tidlegare i saka.

Prosjektleiaren tilrar difor ein modell der ein beheld det praktiske bidraget og medlemskontingenenten på same nivå som i 2019. I løpet av 2020 vil Vestland fylkeskommune forhandle med Kommunearkivordninga om ny kontingen skulda omfanget av evt nye oppgåver. Ein vil då ta stilling til auka kostnad i samband med budsjett for 2021 og økonomiplan.

## **Handsaming av evt medlemskap i Kommunearkivordninga**

Kommunearkivordninga vedtok vedtektsforslag i representantskapsmøte den 6. november. I etterkant av møtet skal vedtekten handsamast i kommunestyret til kvar enkelt medlemskommune, og i fylkestinget for

Vestland fylke. Endringane i vedtekten gjeld først og fremst deltagarsamansetjinga i samarbeidet som er endra som følgje av kommune- og regionreforma. Det er deltakarane sine respektive kommunestyre og fylkesting som etter lova må gjere vedtak om å slutte seg til samarbeidet, ved å godkjenne samarbeidet sine vedtekter.

Deltagarsamansetjinga er viktig for fylkesting og kommunestyra å skulle ta stilling til, og dersom denne endrar seg etter at det er gjort politiske vedtak, må dei attverande deltakarane gjere nye vedtak. På dette punktet er prosessen noko sensitiv.

## **Vidare utvikling av det regionale arkivarbeidet:**

Å vidareutvikle og styrke regionale kompetansemiljø innanfor arkivfeltet er i samsvar med statleg arkivpolitikk og intensjonene i regionreforma, Jf Arkiverket sitt høyringssvar på ekspertutvalgets rapport: *Regionreform. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene:*

*Riksarkivaren har en målsetning om at alle regionene skal ha sterke arkivinstitusjoner med miljøer som er i stand til å vedlikeholde og utvikle kompetanse og yte gode tjenester regionalt og lokalt. For å få til dette er samarbeid og samordning mellom ulike ressurs- og kompetansemiljøer helt nødvendig. Riksarkivaren vil understreke behovet for nytenkning når det gjelder samarbeidsformer og bedre samhandling mellom forvaltningsnivåene for å utvikle mer kompetente arkivmiljøer og*

*modernisere tjenestene. Vi ser klare fordeler ved å samordne kommunale og statlige oppgaver med arkivansvar.*

### **Framtidig organisering av arkivarbeidet og tilhøvet til kommunane i Vestland**

Dersom Vestland fylkeskommune teiknar medlemskap i Kommunearkivordninga, vil ein stå i sin situasjon der kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane samarbeider med fylkeskommunen, medan kommunane i det tidlegare Hordaland står utanfor samarbeidet.

Fleirtalet av desse kommunane er med i Interkommunalt Arkiv Hordaland (IKA Hordaland IKS). Prosjektleiar meiner at ein ikkje vil vere tent med to ulike Kommunearkivordningar på sikt. Det ligg utanfor ramma til denne saka å gjere greie for framtidig organisering av dei regionale arkiva. Det vert ein omfattande prosess som involverer mange ulike partar, og hører såleis framtida til. Deltakarkommunane i IKA Hordaland IKS har avtalar kring lokale og magasin som strekkjer seg til 2023, og det vil ikkje vere naturleg å gå inn i ei ny arkivordning før desse avtalane går ut.

Prosjektleiarene rår likevel til at fylkestinget gjer vedtak om å setje i gong slik prosess.

### **Vedtakskompetanse**

Fylkestinget

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Innanfor ramma av framlagt budsjett for 2020

**Klima:** Ingen konsekvens

**Folkehelse:** Ingen konsekvens

**Regional planstrategi:** Ingen konsekvens

### **Konklusjon**

Prosjektleiar tilrår at Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap frå og med 1.1.2020 for ei føremålstenleg og effektiv løysing av dei aktuelle arkivutfordringane og rår Fylkestinget til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap frå og med 1.1.2020. Tenestene skal sikra at arkiva til Vestland fylkeskommune vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.
2. Fylkestinget ber prosjektleiar gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap om Vestland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021 og økonomiplan.
3. Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke til junitinget 2020.